

Mens storparten av det fotballinteresserte Noreg har gått i vinterdvale, jobbar landslagssjef Åge Hareide og apparatet rundt han knallhardt med å førebu kampane som skal føre Noreg til EM i Sveits og Austerrike sommaren 2008.

# Det viktigaste reisemålet til landslagssjefen

[THOR FUGLSET ]

**Molde er basen, men Hareide er stadig på reisefot. Han er ofte å sjå i høgborga til norsk fotball, kontora til Noregs Fotballforbund på Ullevaal Stadion. I tillegg krev oppfølging av utanlandsproffane og deltaking på fagkonferansar regelmessig reising. Verda er globalisert, og ikkje noko er så globalisert som kampen om lærkula.**

## **Brutalitet og smartness**

A-landslaget opna EM-kvaliken med siger over både Ungarn (4–1 b) og Moldova (2–0 h). I Aten, i den siste kampen før vinterpausen, blei det tap 0–1 mot den regjerande europameisteren. Hellas blir leidd av Otto Rehgel, den tyske meistertrenaren som svinga svepa i Werder Bremen i fleire år – også den gongen Rune Bratseth eksellerte i forsvaret og var ein av favorittspelarane til Rehgel.

Med ein resept der brutalitet, smartness og teknisk-taktisk dyktige spelarar var hovudingrediensane, leidde Rehgel Hellas til ein mildt sagt overraskande siger under EM i Portugal. Hellas kan som kjent skilte med mange gudar, men like etter EM var ein tyskar den største guden av dei alle.

Og nettopp Hellas er nasjonen som – saman med Tyrkia – truleg kjem til å skape mest trøbbel for EM-ambisjonane til Hareide & co.

– Det er fleire gode lag i gruppa vår, men Tyrkia, Hellas og Noreg blir nok vurdert som dei beste. Bosnia-Hercegovina og Ungarn skal ein òg vere obs på, men dei bør vi klare å hamle opp med. I 2007 skal vi spele ni kvalik-kampar. Og desse

kampane må vi vinne! Som kjent har Tyrkia og Hellas teke full pott

på dei tre kampane sine, mens vi har vunne to og altså tapt den eine borte mot Hellas. Det tapet må vi hente inn ved å slå både Hellas og Tyrkia – i tillegg til dei andre i gruppa. Det blir krevjande å vinne på bestilling, seier Hareide.

– I den siste VM-kvaliken skjedde det positive at vi spelte best mot dei som blir rekna som dei sterkaste, mens det vi presterte mot dei svakaste laga, ikkje var like gledeleg. Bittert å tenkje på i ettertid: Dette kosta oss VM-billetten.

– *Hellas og Tyrkia blir formidable motstandarar, og Tyrkia møter vi på bortebane allereie i mars*  
...

– Ja, det blir tøft, men eg har likevel ei god kjensle når det gjeld desse kampane. Vi gjer det som sagt bra mot sterke motstandarar, og vi skal førebu oss godt. Testkampane kjem til å avdekkje dei svake og sterke sidene våre, slik vi såg det mot Paraguay og Sør-Korea før matchen mot Ungarn. At vi slo Ungarn 4–1 på bortebane, blei lagt merke til, og erfaringane frå testkampane var nyttige med omsyn til trekka vi gjorde mot Ungarn. Når Tyrkia står på den andre sida av banen 28. mars, kan eg love at vi skal vere kampklare, framhevar Hareide.

– Utfordringa fram mot Tyrkia-kampen blir å spele inn eit lag der evna til samhandling er optimal, seier han vidare, men dessverre har vi for lite tid saman til trening og øvingar. Det går stort sett greitt å få friggitt spelarane til kamp, sjølv om vi frå tid til annan erfarer at dei største klubbane er lite smidige. Fråvær frå klubblaget

kan for enkelte skape trøbbel i forhold til arbeidsgivaren, spesielt i samband med treningskampar. For obligatoriske kampar er reglane krystallklare når det gjeld frigiving og rettane til særforbunda. Men sjølv om det kan verke som om vi er på kollisjonskurs med enkelte klubbar, fell som regel brikkene på plass.

### **Går sin eigen veg**

Åge Hareide debuterte som landslagssjef under ei turnering i Hongkong i januar 2004. Til no har han leidd A-landslaget i 34 kampar. Då han tok til, la han ikkje skjul på at han ønskte å finne sin eigen stil. Hareide – som dei fleste andre fotballinteresserte – drysser gjerne superlativ over prestasjonane til A-landslaget under "Drillo" Olsen. Men han var samtidig bestemt på å gå sin eigen veg frå dag éin og nærmast bryte med stilen til forgjengarane Olsen og Semb.

Nils Johan Semb proklamerte òg eit brot med Drillo-stilen då han gjekk til den tøffaste leiarjobben i Noreg. Semb hadde ambisjonar om å få fram eit landslag som var meir spelande enn før. Samtidig varsla han at dei ville satse hardt på å gjere dei unge norske spelarane teknisk betre. Mange meiner at Semb aldri klarte å innfri forventingane han skapte.

– No satsar landslaget annleis. For å seie det svært enkelt byggjer vi opp spelet bakfrå og støyter gjennom midtbanen. Vi har ikkje fått ønskt utteljing i alle kampane, men vi er på rett veg. Ujamne prestasjonar er meir enn noko anna ein refleks av at vi er ein liten nasjon med få toppspelarar å velje mellom.

*– Kva er trenarar og managerar på øvste hylla i internasjonal fotball i dag mest opptekne av?*

– Eg møter fleire av dei jamleg, og dei fleste er opptekne av forsvarsspelaren og rolla og funksjonen hans. Det handlar om å tilføre han meir fart, styrke og betre balltekniske kvalitetar, noko som igjen krev at han er svært uthaldande. Denne spelartypen forlèt forsvarssona i høgt tempo for å delta i angrep før han kjapt "vender heim" for å jobbe defensivt. Når John Arne Rise er på sitt beste, er han eit godt døme på ein slik spelar, seier Hareide, og legg til:

– Chelseas Frank Lampard er eit anna døme på ein spelartype som vi kjem til å sjå fleire av i åra framover, ein som heile tida beveger seg raskt frå det eine straffefeltet til det andre på jakt etter mål. "Box to boxplayers" blir dei kalla i England. Ein slik måte å spele på krev ein utruleg løpskapasitet i tillegg til gode taktisk-tekniske kvalitetar. Eg er sikker på at krava til spelarar både på klubbog landslagsnivå kjem til å bli skjerpa kraftig i framtida. Spelarar som har ambisjonar om å bli lagde merke til i toppsamanheng, bør snarast begynne å fokusere på korleis dei skal beherske ballbehandling og handlingsval på høgt nivå i enormt tempo, seier Hareide.

### **Landslagsskulen**

Då han blei landslagssjef, gjekk det ikkje lenge før han etablerte det som i ettertid er blitt heitande landslagsskulen. Den fremste ambisjonen til landslagsskulen er å ha fokus på ferdigheitsutvikling hos unge spelarar.

– Det første vi gjorde, var å sørge for at alle trenarar med tilknytning til aldersbestemte landslag, blei tilsette i 100 prosent stillingar, fortel han.

– På landslagsskulen er det meir enn noko anna blitt arbeidd med å utvikle ballferdigheter. Vi kjem ikkje vidare i norsk fotball med mindre spelarane blir dyktigare her. Det går som ein raud tråd gjennom arbeidet på skulen. Spelarane som er aktuelle for U-16-laget, får spesiell merksemd og blir kraftig spissa. Opplegget rundt dei er òg ein del av ei satsing med tilknytning til Olympiatoppen. Hareide meiner at når fruktene av arbeidet med landslagsskulen møter resultatet av ei forsterka profesjonalisering i klubbane, kjem norsk fotball til å få ein mikstur med sprengkraft.

Han viser til Start-spelarane Kristofer Hæstad og Fredrik Strømstad, som begge er produkt av landslagsskulen. Til dagleg fungerer Hallvar Thoresen som "rektor", mens Hareide – som er initiativtakar og pådrivar – føler seg komfortabel i rolla som "skulestyrar" og landslagssjef.

## Sjå til Frankrike!

**Den som trur at suksessen Frankrike har hatt på fotballbanen i 90-åra og i det nye tusenåret, berre kjem av ein generasjonsinnertiar med Zidane, Henry og dei andre superstjernene som utteljing, tek feil.**

Her snakkar vi i staden om eit produkt frå det franske akademiet. Nei, vi tenkjer ikkje på det velkjende "Académie française", som behandlar spørsmål som gjeld fransk språk, men om akademia til det franske fotballforbundet som har som formål å skape ballkunstnarar, rett og slett.

### Solskjær er idealet

Åge Hareide – ein kjennar av internasjonal fotball som få andre her heime – seier at spelarane som så suverent henta heim både EM- og VM-tittelen til Frankrike på slutten av 90-talet, er produkt av akademia der unge spelarar terpar balløvingar med imponerande intensitet.

– Trenarane er skulerte i det som i Frankrike og mange andre nasjonar blir rekna for å vere det

viktigaste i fotball, nemleg sikker bruk av ball i høgt tempo og i pressa situasjonar. Det øver dei svært mykje på. Og utføringa skjer med jerndisiplin som botnplanke. Slik har dei jobba i Frankrike i ei årrekke, og det har gitt store resultat.

– I fotball må ein vere nøyaktig, og vi må utvikle ein treningskultur som er basert på det i Noreg og dersom vi skal komme vidare. I Frankrike er treningsdisiplinen formidabel, i Noreg er vi dessverre ikkje komne like langt. Vi er for unøyaktige og ukonsentrerte, ja, slurvete, samanlikna med franskmennene, meiner Hareide og trekkjer fram Ole Gunnar Solskjær som døme på det motsette. Hareide var som trenar i Molde FK med på å forme Solskjær som spelar. At han utvikla seg til å bli avsluttar i verdsklasse, overraska han ikkje.

– Etter treningane i Molde blei han alltid igjen for å trene avslutning, han terpa og terpa og terpa ... Å utvikle ein øvingskultur basert på disiplin må bli høgare prioritert i Noreg, berre då kan vi bli betre, seier landslagssjefen.

## Frammarsj for vestlandsfotballen

**– Det kan berre gå éin veg for Viking no, og det er framover. Viking har solid standing i norsk fotball, og sjølv om det butta imot i år, kjem dei tilbake. Men eg trur det blir viktig å få folk i sørfylket til å identifisere seg sterkare med klubben enn det vi har sett i år, seier Åge Hareide, som alltid har hatt eit vake auge til vestlandsfotballen.**

– I sportsdirektør Egil Østenstad har dei mannen som kan bidra til å gi Viking ein god sportsleg plattform, trur Hareide, som rosar personane bak det nye stadionet i Stavanger for dristig satsing og visjonær tenking.

– Stadionet er glimrande drive, og forretningsdrifta til Viking er det heilt klart lite å utsetje på. No gjeld det å skape sportsleg begeistring, noko som kan bli ei tøffare oppgåve. Men utgangspunktet til klubben er det beste, meiner Hareide, som òg gir ros til Bryne for å ha levert ein bra sesong.

### Bergen, Sogndal, Ålesund og Molde

– Brann var strålende i vårsesongen, men har mangla stabilitet. Dessutan blei det kanskje snakka litt tidleg om ligagullet. Eg seier som Nils Arne Eggen: "Seriegullet blir itj delt ut før vi begynner å ta opp

potet'n i Orkdal!" I Bergen var det mange som snakka om gull til Brann alt etter halvspelt liga. Men for all del, sølv er heller ikkje til å kimse av.

– Når det gjelder AaFK, Sogndal og Molde FK, så er det AaFK som er mest i støyten for tida. Etter å ha vore ein sovande kjempe i årevis er det mykje som tyder på at AaFK no er komme i siget. Sogndal og Molde FK er klubbar frå små stader, noko som inneber økonomiske utfordringar. Joe Hooley (har vore trenar både i Molde FK og LSK) hadde nok rett då han sa at til sjuande og sist er det klubbane frå storbyane som vil gjere det best, for dei har tilgang på pengar til spelarkjøp.

Åge Hareide er ikkje ueinig med Hooley og synest derfor at Norges Fotballforbund – ikkje dei leiande klubbane som står seg godt økonomisk – bør styre millionane som blir tildelte fotballen gjennom innbringande avtalar med TV-bransjen.

– Fotballforbundet er garantist for at millionane frå avtalen med TV2 og andre kjem hele Fotball-Noreg til gode. Også storklubbene er tente med at Fotballforbundet har ei slik forvaltarrolle, seier Hareide.